



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Mo og Øyrane vgs, Førde
Møtedato	13.02.2019
Kl.	10:00 – 15:30

Faste medlemmer til stades:

Alfred Bjørlo (V)
Senea Sabanovic (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Anders Ryssdal (Sp)
Ole Johnny Stubhaug (Sp)
Sonja Merethe Øvre-Flo (H)
Trude Brosvik (KrF)

Forfall til møtet:

Karianne Torvanger (Ap)

Varamedlemmer til stades:

Arve Helle (Ap)

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Fylkeshovudtillitsvald Jasmin Eminovic
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Førstekonsulent Merete Husabø Nornes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Hovudutvalet valde møteiar og Henrik Oppen til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Munnlege orienteringar:

1. Besøk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule:

Innleiing ved rektor Liv Horvei.

Møte med leiing og tillitsvalde.

Tema 1: Gjennomføring og formidling.

Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?

Tema 2: Den lokale samfunnsrollen.

Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?

Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

Møte med elevrådet.

Kva saker arbeider elevrådet med?

Tema 1: Trivsel

Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

Tema 2: Mestring

Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?

Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

I tillegg til orienteringane frå skulen var det omvising på skulen.

2. Orientering om arbeidet med Vestland fylkeskommune v/fylkesdirektør Bekka Skaasheim, jf. vedlegg 1.
3. Orientering om program for temadag for fag- og yrkesopplæringa i Florø den 27.2.19, jf. vedlegg 2.
4. Etter handsaming av sakene var det besøk på Reodor-klubben i Førde der vi fekk orientering og omvising.

SAK 1/19 Avtale om gjesteelevar- Møre og Romsdal fylkeskommune

VEDTAK:

1. Det vert inngått avtale om gjesteelevar mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane/Vestland fylkeskommune. Avtalen gjeld søkjarar frå Vanylven kommune frå og med skuleåret 2019-20. Frå 1.1.2020 går Hornindal kommune over til Møre og Romsdal fylke som del av Volda kommune. Søkjarar frå tidlegare Hornindal kommune i Volda kommune vil frå og med skuleåret 2020-21 vere del av gjesteelevavtalen.

Avtalen gir desse søkjarane rett til å søke dei vidaregåande skulane i Nordfjord på same vilkår som søkjarar frå Sogn og Fjordane/Vestland.

2. Det vert inngått avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om at søkjarar frå Hornindal kommune får rett til å søkje vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal skuleåret 2019-2020, same vilkår som søkjarar frå Møre og Romsdal.
